



Møre og Romsdal fylke

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200800143/PV	18.01.2008	FE: 2008/96/JOLO/420.0	Johnny Loen, 71 25 80 46	14.03.2008

## Rikspolitisk bestemmelse (RPB) om kjøpesentre - fylkesdirektøren si fråsegn ved høyring

Det er innleiingsvis lett på fagleg grunnlag å seie seg samd med dei intensjonane Stortinget la til grunn ved tidlegare vedtak om kjøpesenterstopp (RPB 1999-2004), og som det no er gjort vedtak om å revitalisere. Vi har såleis ikkje merknader til dei miljøfaglege og arealplanfaglege grunngivingane for dette. Dette kjem også fram av gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur i Møre og Romsdal, godkjent desember 2004 og stadfesta ved Kgl. res. 16.03.2005.

Vi har likevel ein del kommentarar til saka. Fråsegna vil også bli lagt fram for fylkesutvalet til politisk handsaming. Deira vedtak vil bli oversendt i eige brev.

### Generelle merknader

1) Forslaget sin føremålsparagraf gir tydeleg inntrykk av at regionalt sjølvstyre på området er viktig. Samstundes peikar ein også på at det er rikspolitisk viktig med sterkare styring av kjøpesenteretableringar. Ut frå fylkestinget sin debatt kring sluttgodkjenninga av gjeldande plan i vårt fylke, kan vi konkludere med at det regionalpolitisk (og lokalpolitisk) er svært ulike meningar om behovet for styring. Vi er med andre ord i tvil om i kva grad dei to måla let seg sameine. Ut frå Fylkesdirektøren si vurdering, er argumenta som talar for styring sterke. Dette gjeld innan tema som generell arealøkonomisering, infrastrukturkostnader, ivaretaking av biologisk mangfold, jordvern og kulturlandskap og ikkje minst omsynet til transport og klima.

2) Det er vedteke fylkesdelplanar i dei fleste fylka. Jamfør punkt 1) finn vi ikkje grunn til å tru at det regionalpolitisk skal vere vesentleg sterkare vilje til styring av etableringane enn det som kjem fram av desse planane. Å gjere planane rettsleg bindande gjennom RPB er å endre føresetnadene i etterkant av det politiske vedtaket. Dette styrker ikkje innhaldet sin regionalpolitiske legitimitet. Tvert om kan det lett bli oppfatta som "bondefangeri". Det vil derfor vere umiddelbart behov for å revidere planane.

3) Vi har forståing for at departementet ønskjer å sikre betre oppfølgjing av fylkesplanar generelt og fylkesdelplan for senterstruktur spesielt, men vi er i tvil om kva substansielle endringar nye RPB vil føre med seg i så måte. Fylkesdelplanar er i utgangspunktet retningsgivande for kommunar og regional stat. Både fylkeskommunar og fylkesmann kan reise motsegn i medhald også av den planen som gjeld i dag. I vårt fylke har det vore relativt få

konkrete saker der vi har funne det aktuelt å vise til fylkesdelplanen, og ingen er førebels vidareført i strid med dei råda fylket har gitt (sjå likevel punkt 4).

4) § 4 i forslaget inneber at tiltak som er godkjent i plan men ikkje gjennomført, skal behandlast på nytt av fylkesmannen dersom tiltaka er i strid med RPB. Vi oppfattar at RPB er eit signal om innskjerping i slike saker. Dette kan medføre at fylkesmannen i nokre saker evt. må konkludere annleis under samtykke-behandlinga enn i den tidlegare plansaka. §§ 1 og 3 seier noko om grunnlaget for eventuelt samtykke. Det kan i slike situasjonar oppstå eit problem ved at kommune og tiltakshavar allereie har lagt ned investeringar i plan og prosjektering. Avgjerda kan då med andre ord bli økonomisk belastande. Vi har førebels ikkje gjort ei vurdering av kva konkrete saker dette evt. kan gjelde.

5) Forslaget til RPB inneber at regional stat i større grad enn før må delta aktivt i fylkesplanlegginga. Dette oppfattar vi som positivt. RPB, og særleg samtykkeparagrafen inneber likevel at den eigentlege styringa i større grad enn før blir flytta frå kommune/fylkeskommune til stat. Jamfør punkt 1) vil dette truleg tene dei statlege miljømåla som er sett.

6) Det er lagt fram forslag til ny plan og bygningslov, der § 8-5 opnar for rettsleg bindande regionale planføresegner. Dette gir fylka/regionane høve til på nytt grunnlag å vurdere behovet for styring. Det blir teke sikte på iverksetting frå 1. juli 2009. RPB vil mest sannsynleg bidra til at ein kan nå styringsmålet tidlegare. Om ein dermed også får reviderte fylkesdelplanar tidlegare er usikkert og vil nok variere fylka imellom

7) Det einsidige fokuset på kjøpesenter kan trekke merksemda vekk frå andre tiltak som legg vesentlege premiss for senterdanning og ferdseksmønster. Det er nok å nemne samferdselstiltak og ei rekke offentlege og private tenester. Arealgrensa på 3000 kvm er den same som i tidlegare RPB, men bør grunngis betre. I mange små kommunar vil handelstilbod påverke senterstruktur og trafikk også ved mindre etableringar enn dette.

8) I Møre og Romsdal fylke sin gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur heiter det m. a. følgjande under avsnittet  
"Retningsliner for lokalisering":

"Kjøpesenter og andre større nyetableringar og utvidingar innan detaljhandel og sørvis skal lokaliserast innanfor sentrumsareal avgrensa i kommuneplan.  
Etableringane skal tilpassast tettstadian sin storleik og funksjon.

-----  
For å sikre eit godt tilbod av grunnleggande funksjonar kan det leggast til rette for mindre etableringar også utanfor tettstadane. Etableringane skal tilpassast kundegrunnlaget i tettstaden/grenda."

Mellan Anna fordi det ikkje er gitt nokon nærmare definisjon av kva som er meint med "større nyetableringar og utvidingar", vil ovannemnde retningsline vere lite presis som ein juridisk bindande bestemmelse. Dette sjøl om det er fastlagt at nyetableringa/utvidinga skal vere tilpassa tettstaden sin storleik/funksjon. Vidare må det konstaterast at det er få kommunar som i sin kommuneplan har ei klår avgrensing av sentrumsareal, ein del prinsipp for slik avgrensing var det gjort greie for i fylkesdelplanen. Dei gjeldande retningslinjer synes etter dette å vere lite eigna som bestemmelse og dei var heller ikkje utforma med tanke på ein slik verknad.

I tidegare RPB var det eit unntak for sentrum av dei tre byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Nye RPB foreslår ikkje dette. Dersom ei tilsvarande løysing skulle bli aktuelt å vurdere

vil vi foreslå å ta utgangspunkt i NIBR sine arbeidsmarknadsregionar og respektive region-senter.

### **Oppsummering**

Fylkesdirektøren sluttar seg til dei måla og styringssignalene som ligg i forslaget til Rikspolitisk bestemmelse, og at staten her vil ta i bruk fylkesplanlegginga på ein meir forpliktande måte.

Det er likevel ikkje er uproblematisk, verken juridisk eller politisk, i ettertid å gjere ein retningsgivande fylkesdelplan juridisk bindande. Retningslinene som ligg inne i Fylkesdelplan for senterstruktur i Møre og Romsdal har ikkje ei utforming som er særleg innretta for å bli juridisk bindande som bestemmelse. Som også skissert av departementet legg vi til grunn at fylkesdelplanen evt. blir snarleg rullert med tanke på nærmare klargjering av både dei formelle og politiske sidene av planen, og at dette fortrinnsvis kan skje i samsvar med reglane i ny plan- og bygningslov.

Under nemnde føresetnad vil fylkesdirektøren etter ei totalvurdering slutte seg til at det blir vedteke ny rikspolitisk bestemmelse.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik  
Ottar Brage Guttelvik  
Fylkesdirektør

  
Idar Mølsæter  
Plansamordnar